

Vilkår



Innhald

- 1 Kven forsikringa gjeld for
- 2 Kvar forsikringa gjeld
- 3 Kva som er forsikra
- 4 Kva skadar som vert dekt
- 5 Sikringskrav
Andre personar sine handlingar,
forsømingar og endring av risiko.
- 6 Skadeoppgjer, eigendel og regler for
verdisetting
- 7 Naturskade

- 8 Offentlege påbod
- 9 Ansvar
- 10 Yrkesskade
- 11 Rettshjelp
- 12 Gardssag til eige bruk

Tilleggsforsikringar som kan avtalast:

- 13 Maskinskadeforsikring
- 14 Brot på vatningsanlegg

I tillegg til disse vilkåra gjeld:

- Forsikringsbeviset med gjevne spesifikasjonar
- Generelle vilkår
- Forsikringsavtalelova av 16. juni i 1989
- Lov om naturskadeforsikring av 16. juni 1989

dersom det ikkje er unntak i vilkåra.

Forsikringsbeviset med gjevne spesifikasjonar gjeld føre vilkåra. Forsikringsvilkåra, generelle vilkår og forsikringsavtalelova gjeld også for tilleggsforsikringar som er dekte etter dei særtilkåra som er nemnde i forsikringsbeviset, med mindre noko anna er bestemt og går fram av vilkår eller er nemnt i forsikringsbeviset.

1. Kven forsikringa gjeld for

Forsikringa gjeld for

- 1.1 den som er nemnd i forsikringsbeviset (forsikringstakar)
- 1.2 ektefelle, sambuar med felles adresse i Folkeregisteret
- 1.3 andre medlemmer av den faste husstand som i følgje Folkeregisteret har fast felles adresse med forsikringstakar
- 1.4 innehavar av tinglyst eigedomsrett, panterett eller andre rettar sikra ved tinglysing i fast eigedom, jf FAL § 7-1, andre ledd, men ikkje for annan panthavar eller eigar av innbu og lausøyre med mindre forsikringstakaren har forsikringsplikt eller skriftleg har påteke seg risikoen for tingen. FAL paragraf 7-1, tredje ledd er fråveke. Selskapet kan med bindande verknad for medforsikra etter dette punkt endre avtalen eller la han ta slutt. Ved skadeoppgjær kan Selskapet forhandle me forsikringstakaren og betale erstatning til han med bindande verknad for sikra om ikkje selskapet har fått skriftleg melding om den medforsikra si interesse etter skaden og før oppgjær finn stad
- 1.5 Ved eigarskifte gjeld forsikringa til ny eigar har teikna forsikring, men ikkje lenger enn 14 dagar etter eigarskiftet.

2. Kvar forsikringa gjeld

- 2.1 Forsikringa gjeld på den staden som er nemnd i forsikringsbeviset (forsikringsstaden).
- 2.2 berre i Noreg for naturskade (pkt 7) og yrkesskade (pkt 10)
- 2.3 innanfor Norden for
 - ting, pengar, bankbøker og verdipapir som mellombels er utanfor forsikringsstaden
 - ting som skal seljast
 - ved flytting og på ny stad. Flytting skal meldast til selskapet.
 - rettsleg erstatningsansvar (pkt. 9)
 - rettshjelp (pkt. 11)

3. Kva som er forsikra

3.1 Brannforsikring bygning

Gjeld for bustadhus, driftsbygning, uthus omfattar bygning med vanleg fastmontert utstyr, og i tillegg:

- Utvendige elektriske leidningar og utvendige tilknytte røyr fram til drengskum, septiktank, brønn, kummar eller offentlege fellesrøyr.

Brannforsikring innbu, lausøyre og driftslausøyre

- innbu og lausøyre er forsikra inntil den oppgjevne summen i forsikringsbeviset, (forsikringssummen).
 - driftslausøyre er forsikra inntil fastsett forsikringssum. I tillegg omfattar forsikringa utgifter til rydding og bortkøyring av verdilause restar, for driftslausøyre avgrensa til premiegrunnlaget
- 3.2 Selskapet erstattar tingskade ved: Brann, eksplosjon, direkte lynnedslag, nedsoting og flystyrt.
 - 3.3 Skadar som ikkje vert dekte:

skade på elektrisk maskin, apparat eller leidning ved kortslutning eller anna elektrisk fenomen i desse, eller eksplosjon i desse, sjølv om det vert brann i tingen.

- 3.4 Meirutgifter som følgje av offentleg påbod vert dekt. Erstatninga er avgrensa til premiegrunnlaget.

3.5 Kombinert forsikring - innbu og lausøyre

er forsikra inntil den oppgjevne summen i forsikringsbeviset, (forsikringssummen).

I tillegg omfattar forsikringa:

- Pengar og verdipapir inntil kr 8.000,-
- Nødvendige flyttings- og lagringsutgifter inntil eitt år etter skade, avgrensa til premiegrunnlaget
- tilkomne ekstra utgifter på grunn av prisstigning i perioden frå skadedato fram til tidspunktet då reparasjon/gjenoppføring/gjenskaffing har skjedd eller normalt kunne ha skjedd, avgrensa til 10% av erstatninga etter prisnivået på skadedagen, rekna etter reglane i pkt 6.1.6
 - Utgifter til rydding og bortkøyring av verdilause restar og forsikra sine ting som vert skada, avgrensa til premiegrunnlaget.
- Skade på matvarer i fryseboks som skuldast plutselig svikt i frysesystem eller straumforsyning. Følgjeskade på fryseboks/- skap vert erstatta slik:
- I erstatningsoppgjæret vert det gjort frådrag dersom den skadde tingen er meir enn to år. Erstatningsgrunnlaget på fryseboks/- skap er gjenkjøpspris med frådrag som vert vurdert på grunnlag av tingen sin:
 - alder
 - slitasje
 - sannsynlege brukstid
 - bruksegenskap/nyttefunksjon

Frådraget skal minst tilsvare eigendelen. Det vert ikkje trekt eigendel i tillegg til aldersfrådrag der frådraget minst tilsvare eigendelen.

Erstatninga kan ikkje setjast lågare enn 20 % av gjenstanden sin gjenkjøpspris.

- Ekstra utgifter til opphald utanfor heimen når denne ikkje er råd å bu i som følgje av ein erstatningsmessig skade. Utgifter ved slikt opphald i meir enn ei veke må avtalast med selskapet. Maksimal erstatning kr 100.000,-
- Paktar sitt tap når bygningsmessig innreiing i våningshus/bustadhus, og som er kosta av forpaktar, ikkje kan nyttast på grunn av at leigeforholdet opphøyrer som følgje av ein erstatningsmessig skade, avgrensa til kr 100.000,-
- Innbu og lausøyre som vert skaffa i forsikringsåret med inntil 20% av forsikringssum for innbu og lausøyre.
- Skade på yrkeslausøyre og varer som vert lagra midlertidig i heimen med inntil kr 30.000,-
- Ansvarsforsikring som privatperson, sjå pkt 9.
- Rettshjelpsforsikring som privatperson, sjå pkt 11.
- Varetilhengar til motorvogn.
- Fritidsbåt inntil 15 fot, båtmotor inntil 10 hk, seglbrett, kano og kajakk inntil kr 10.000,-
- Sikringskrav gjeld for denne dekninga, sjå pkt. 5 i dette vilkåret.

3.6 Kombinert forsikring for driftslausøyre

Forsikring for driftslausøyre omfattar produksjonsutstyr med tilhøyrande kablar, røyr og fundament, maskiner, reiskapar, husdyr, hausta avling, krafftør, kunstgjødsel, kulturar i veksthus og drivbenk som skal utplantast i eiga landbruksverksemd, og anna utstyr/lausøyre som inngår i driftsrekneskapen.

Forsikring av driftslausøyre omfattar ikkje: *sjølvgåande motorkøyretøy, motorbåt, skog eller kulturar i veksthus og drivbenk som ikkje skal utplantast i eige landbruk, eller uhausta avling.*

3.6.1 Driftslausøyre er forsikra inntil fastsett forsikringssum.

I tillegg omfattar forsikringa:

- Midlertidige flyttings- og lagringsutgifter inntil eitt år etter skade, avgrensa til premiegrunnlaget.
 - Påkomne ekstra utgifter på grunn av prisstigning i perioden frå skadedato fram til tidspunktet då reparasjon/gjenoppføring/gjenskaffing har skjedd eller normalt kunne ha skjedd, avgrensa til 10% av erstatninga etter prisnivået på skadedagen, rekna etter reglane i pkt 6.1.6
 - Maskiner, reiskapar og anna driftslausøyre av varig karakter som vert skaffa i forsikringsåret med inntil 20% av forsikringssummen av driftslausøyre. Auken i verdiar må det gjevast melding om før neste hovudforfall.
 - Utgifter til riving, rydding og bortkøyring av verdilause restar av forsikra sine ting som er skada, avgrensa til premiegrunnlaget.
 - For meirutgifter til midlertidig lagring og til destruksjon av giftige eller miljøfiendteleg restar, etter påbod med heimel i lov eller offentlege forskrifter, er erstatninga avgrensa til 20% av forsikringssummen for driftslausøyre.
 - Skade på varer og anna driftslausøyre som skjer under transport med eigen eller lånt bil, traktor eller tilhengar. Skaden må skuldast at transportmidlet er blitt utsett for samanstyrt, velting, akselbrot, utforkjøyring eller liknande alvorleg hending. Erstatninga er avgrensa til premiegrunnlaget for driftslausøyre.
 - Utgifter til rekonstruksjon av manuskript, yrkesteikningar og yrkesutrekningar
 - arkiv, bøker og media for databehandling som er knytt opp mot gardsdrifta. Erstatninga er avgrensa til 10% av forsikringssummen for driftslausøyre.
 - Fast del av vatningsanlegg som er lagt i samsvar med gjeldande forskrifter og på forsikringsstaden.
 - Ansvarsforsikring – som brukar av den forsikra eigedomen, sjå pkt. 9
 - Rettshjelpsforsikring – som brukar av landbruksdelen av den forsikra eigedomen, sjå pkt 11
 - Avbrotstap i inntil 24 månader ved nedgang i driftsresultatet for landbruksverksemda, rekna etter reglane i 6.1.7 i slike tilfelle:
1. Ved erstatningsmessig skade som nemnd i pkt 4 på garden sine bygningar, driftslausøyre eller andre ting som er eigd eller leigd av sikra.
 2. Ved erstatningsmessig skade som nemnt i pkt 4, eller ved norske styresmakter sine tiltak mot spesielle sjukdomar og som oppstår hos sikra sine kundar/leverandørar innan Norden, dersom stadfesta avtale vert ramma av skaden. Avbrotstap vert dekt med inntil kr 100.000,- og omfattar ikkje tap som følgje av skade skjedd under transport frå leverandør og/eller kunde.
 3. Ved norske styresmakter sine tiltak mot smittsame sjukdommar i dyr og planteproduksjon når:
 4. det ved påbod vert fullstendig nedslakting av forsikra buskap.
 5. det vert gjeve forbod mot levering av mjølk eller slakt frå forsikra buskap.
 6. det vert gjeve forbod mot levering av planteprodukt frå forsikra eigedom, eller mot framhald i drift av eksisterande planteproduksjon på forsikra eigedom. Erstatning frå det offentlege eller private vert trekt i frå. Forsikringa omfattar ikkje avbrotstap ved skogsdrift, sagbruk, møllebruk, sand- og grustak, planteproduksjon i veksthus og drivbenk utover dei kulturane som skal utplantast i eiga landbruksverksemd, eller som følgje av skade på trav- eller galopphest.

3.7 Bygningsforsikring(Kaskoforsikring) for bustadhus

omfattar bygning med vanleg fastmontert utstyr, og i tillegg:

- Utvendige elektriske leidningar og utvendige tilknytte røyr fram til drenskum, septiktank, brønn, kummar eller offentlege fellesrøyr.
- Utgifter til riving, rydding og bortkøyring av verdilause restar av forsikra sine ting som er skada, avgrensa til premiegrunnlaget.
- Tap av husleigeinntekt og avbrot etter reglane i 6.1.6

- Riving, rydding, lagring og destruksjon av miljøfiendteleg restar
- Påkomne ekstra utgifter på grunn av prisstigning i perioden frå skadedato fram til tidspunktet då reparasjon/ gjenoppføring/gjenskaffing har skjedd eller normalt kunne ha skjedd, avgrensa til 10% av erstatninga etter prisnivået på skadedagen, rekna etter reglane i pkt 6.1.6
- Hageanlegg, symjebasseng, gjerde, flaggstang og hobbyveksthus, men ikkje meir enn kr 250.000,- til saman. Brotskade på glas vert ikkje dekt.
- Meirutgifter på grunnlag av offentleg påbod gjeven med heimel i lov eller forskrift. Påbodat må gjelde den skada delen av bygningen, og vere ein direkte følgje av ein erstatningsmessig skade. Erstatninga er avgrensa til premiegrunnlaget. Sjå pkt. 8
- Bygning som er under påbygging eller utviding, med tilhøyrande materialar på byggeplassen, samt brakke, innbu og anna utstyr som byggherren eig, i inntil eitt år etter at byggjearbeida har teke til. Erstatninga er avgrensa til 50% av premiegrunnlag/forsikringssum for bygningen.
- Ansvarsforsikring som eigar av den forsikra eigedomen, sjå pkt 9.
- Rettshjelpsforsikring, som personleg eigar av bustaddelen av den forsikra eigedomen, sjå pkt. 11

3.8 Driftsbygning og uthus

Bygningsforsikring(Kaskoforsikring) for driftsbygning og uthus omfattar bygning med vanleg fastmontert utstyr, og i tillegg:

- Utvendige elektriske leidningar og utvendige tilknytte røyr fram til drenskum,
- septiktank, brønn, kummar eller offentlege fellesrøyr.
- Utgifter til riving, rydding og bortkøyring av verdilause restar av forsikra sine ting som er skada, avgrensa til premiegrunnlaget.
- Tap av husleigeinntekt og lagerleige etter reglane i 6.1.6
- Riving, rydding, lagring og destruksjon av miljøfiendteleg restar. Erstatninga er avgrensa til premiegrunnlaget.
- Påkomne ekstra utgifter på grunn av prisstigning i perioden frå skadedato fram til tidspunktet då reparasjon/ gjenoppføring/ gjenskaffing har skjedd eller normalt kunne ha skjedd, avgrensa til 10% av erstatninga etter prisnivået på skadedagen, rekna etter reglane i pkt 6.1.6
- Meirutgifter på grunn av offentleg påbod gjeve med heimel i lov eller forskrift. Påbodat må gjelde den skadde delen av bygningen, og vere ein direkte følgje av ein erstatningsmessig skade. Erstatninga er avgrensa til premiegrunnlaget. Sjå pkt. 8
- Bygning som er under påbygging eller utviding, med tilhøyrande materialar på byggeplassen, samt brakke, innbu og anna utstyr som tilhøyrer byggherren, i inntil eit år etter at byggjearbeida har teke til. Erstatninga er avgrensa til 50% av premiegrunnlag/forsikringssum for bygningen.
- Avbrotstap i inntil 24 månader rekna etter reglane i pkt 6.1.7 ved nedgang i bortpaktingsinntekt når paktarforholdet opphøyre som følgje av ein erstatningsmessig skade nemnd i pkt 4.
- Ansvarsforsikring som eigar av den forsikra eigedomen, sjå pkt 9.
- Rettshjelpsforsikring, som personleg eigar av den forsikra eigedomen, sjå pkt.11

3.9 Superforsikring

Når det går fram av forsikringsbeviset at denne dekninga er avtalt, gjeld følgjande:

Spesialforsikring bustad, innbu og lausøyre

Når det går fram av forsikringspolisen at spesialforsikring er teikna på bygning og/eller innbu og lausøyre, gjeld vilkåret med dei endringar som er nemnt under.

3.9.1 Kva skadar som vert dekt av superforsikringa

I tillegg til dei skader som er dekt under vilkåret, svarer selskapet og for skade

Bygning.

- 3.9.1.1 Skade ved vatn som er trengt inn gjennom utett yttertak. Skjer vannskaden ved vanninntrengning gjennom pipe, luftpipe, balkong, flatt tak, terrasse/vegg er eigedelen kr 16.000,- unnateke er kostnader til å utbetre lekkasjen.
- 3.9.1.2 Skade ved insekt og dyr, unnateke er kostnader ved å utbetre vannskade som ikkje er erstatningsmessig og som har utvikla seg i forkant av insektangrepet. Skade som berre verkar skjemma på bygningen sin utsjånad vert ikkje dekt
- 3.9.1.3 Skade ved ekte hussopp og andre treøydeleggjande sopp og råte.
Unnateke er:
skade ved blåved- eller muggsoppar, jordslag eller skade som berre verkar skjemma på bygningen sin utsjånad. skade på vindaugskarm, dørstokk, rekkverk, balkong, terrasse, veranda, vassbrett, takleker, utvendig panel og anna treverk utvendig.
- 3.9.1.4 Skade som følgje av feil frå håndtverkar eller entrepenør. Skaden må vere ein følgje av feil gjort av desse og som kan dokumenterast utført siste 10 år. Utbetring av sjølv feilen vert ikkje dekt.

Superforsikringa dekker i tillegg:

- 3.9.1.5 Tilpasning av bustad inntil kr 250.000,- er dekt over forsikringa for å betre situasjonen for rørslehemma i eigen bustad dersom nokon i sikra sin faste husstand i løpet av avtaleperioden vert råka av:
- ei ulukkeskade som fører til varig medisinsk invaliditet på 50% eller meir.
 - nedkjem med barn med medfødt skade eller sjukdom som fører til varig medisinsk invaliditet på 50% eller meir.

Med ulykkeskade er meint skade på legemet forårsaka ved ei plutsleg ytre fysisk hending - eit ulykkestilfelle som skjer i forsikringstida.

Forsikringa gjeld ikkje ulykkeskade forårsaka ved medisinsk undersøking, behandling o.l. eller ved inntak av medikamenter, med mindre husstandsmedlemmet har vore behandla på grunn av ei ulykkeskade som Selskapet svarer for.

For barn med medfødt skade eller sjukdom som fører til varig medisinsk invaliditet, ser ein på hendinga som skjedd ved nedkomsten. Nedkomsten må ha skjedd i forsikringstida. Utgiftene må vere komne til innan 5 år etter ulykka eller nedkomsten.

Selskapet dekker dokumenterte utgifter utover tilskot og støtte ein er berettiga til frå det offentlege trygdevesen. Dekker ikkje utgifter som vert erstatta frå andre forsikringsdekningar. Graden av medisinsk invaliditet vert fastsett etter Sosialdepartementet sin invaliditetstabell. Selskapet forbeholder seg retten til å søke regress mot ansvarleg skadevoldar etter skadeserstatningsloven sin par. 3-7, 3.ledd.

- 3.9.1.6 Forsikringen omfattar verdiforringing av den forsikra eigedomen med inntil kr 1.000.000, - når offentleg styresmakt med heimel i lov eller offentleg forskrift nektar gjenoppføring/reparasjon av bygning etter skade på den stad som er nemnt i forsikringsbeviset.

Selskapet kan kreve at vedtaket om å nekte gjenoppføring/reparasjon, vert anka eller selskapet kan sjølv anke den.

- 3.9.1.7 Erstatninga skal settast til differansen mellom den forsikra eigedomen sin omsetningsverdi umiddelbart før og umiddelbart etter at skaden skjer. Den sum som utgjør erstatning for bygningen skal trekkast frå. Dei to omsetningsverdiene skal fastsettast ved skjønn.

Bygningserstatninga skal reknast etter reglane i bygningsvilkåret. Får sikra tilbod om erstatningseigedom, nyttast omsetningsverdien av denne i utrekninga under pkt.3.9.1.7 i staden for den forsikra eigedom sin omsetningsverdi etter skaden. Erstatningen kan ikkje settast høgare enn etter pkt. 3.9.1.7 ovanfor.

- 3.9.1.8 Erstatninga forfell først til betaling når den endelege avgjerda om nekting av gjenoppføring/ reparasjon er teken. Selskapet har rett til å tinglyse utbetalt erstatning som hefte på den forsikra eigedomen. Vert gjenoppføring/ reparasjon seinare tillete på den forsikra eigedomen kan Selskapet krevje at heftet vert innfridd med det til ei kvar tid gjeldande restbeløp.

Dersom den forsikra eigedom vert seld eller ekspropriet etter at erstatninga er betalt, kan Selskapet krevje at heftet vert redusert med differanse mellom salgspris (ekspropriasjonserstatning) og eigedomen sin omsetningsverdi umiddelbart etter skaden ifølgje skjønnet.

- 3.9.1.9 Kunstnerisk utsmykning av bygning vert dekt med inntil kr 200 000.

3.9.2 Innbu og lausøyre.

- Tjuveri av ting i motorvogn, campingvogn, båt, container og oppbevaringsboks.

Sikringskrav

Alle dører, vindauge, lemmar, luker o.l. skal vere lukka og låst eller tilsvarande sikra på annan måte. Nøkkel skal ikkje etterlatast på staden. Følgjande ting skal - når motorvogn/båt/ campingvogn vert forlaten - oppbevarast i separat, lukka (låst dersom det kan opnast utanfrå)bagasjerom utan vindauge:

Kamerautstyr, handportabel mobil tlf., ting av edelt metall, perler, edle steinar og pels.
Andre ting dersom motorvogn/campingvogn/båt vert forlate over natta - og i alle tilfelle i tida mellom kl. 0000 og kl. 0600 eller i lengre tidsrom.

- Tjuveri frå stad som ikkje er nemnt eller frå stad som er unnateke i vilkåret for bygning eller innbu og lausøyre. Pengar og verdipapir er unnateke. Erstatninga er avgrensa til kr 10 000.

Sikringskrav:

Sikra pliktar anten sjølv eller ved hjelp av andre, heile tida å halde tilsyn med dei forsikra ting, eller plassere dei under lås. Ting som opphald seg utanpå motorkjørety skal fjernast når kjøretyet vert forlate/parkert for natta - i alle tilfelle i tida mellom kl. 0000 og kl. 0600 - eller i lengre tidsrom.

- I tillegg vert dekt anna skade på innbu og lausøyre enn dei som er nemnt ovanfor eller i vilkårets for innbu og lausøyre, og som skuldast ein plutsleg og utilsikta ytre årsak. Samtlege ansvarsavgrensingar, sikringskrav og unntaksreglar som er nemnt ovanfor eller i det ordinære vilkåret gjeld også her.

Skjer skaden utanfor bustad eller gjenstandar vert skada ved at de mistast ned, fell ned eller veltar, er erstatninga avgrensa til kr 25 000 ved kvart skadetilfelle.

Unnateke er:

Tap av eller skade på gjenstandar som er mista eller att gløymt
Skade på yrkeslausøyre og varer
Skade på leigd eller utleigd lausøyre
Skade på ting som opphald seg i vatn
Skade på båt, tilhengar, hobbyveksthus og dyr

3.9.2.1 ID-tjuveri

Forsikringa dekkjer juridisk assistanse inntil kr 100.000,- pr. ID-tjuverihending, jfr. straffelovens § 202. Utgiftene skal dekkje rimeleg og nødvendig juridisk assistanse før ein tvist har oppstått, juridisk assistanse for å fjerne eventuelle uberettigede betalingsanmerkingar som er ein direkte følgje av ID-tjuveriet.

Retts hjelp dekkes med inntil kr 1.000.000,- når sikra er part i ein tvist mot angivelige kreditorar som følgje av ID-tjuveri. For øvrig gjeld vilkåret for retts hjelp.

ID-tjuveriforsikringa dekkjer ikkje:

- ID-tjuveri knytta til sikra sitt yrke eller næringsvirksomhet.
- Handlingar utført av sikra sin ektefelle, samboar, partner, barn eller foreldre.
- ID-tjuveri oppstått som følgje av sikra sine næraste families, straffbare eller grovt uaktsomme handlingar.
- Økonomiske tap, anna enn kostnader forbundet med juridisk assistanse.
- Skader oppstått utanfor forsikringstida
- Straffelovens § 202 punkt b dekkjer ikkje anna enn ulempe relatert til økonomisk svindel.

Så snart eit ID-tjuveri er oppdaga skal du:

- Underrette betalingskortutstedere, banker og andre det er relevant å underrette om indentitetstjuveri.
- Politianmelde forholdet.

3.9.2.2 Fjerning av veggedyr og kakerlakkar

Utgifter til å fjerne veggedyr og kakerlakkar på avtalt forsikringsstad (sjå forsikringsbeviset) i Norden, erstattast med inntil kr 50.000.

Forsikringa dekkjer ikkje:

- Skade/ skjemmande utsjanad på innbo/lausøyre
- Fjerning av aktivitet som har starta si utvikling før forsikringsavtalen begynte å løpe og heller ikkje for fjerning av aktivitet etter at forsikringa opphørte.

3.9.3 Kva som er forsikra

Beløpsgrensene i vilkåret vert endra slik:

Bygning.

- Hageanlegg, utvendig vassbasseng o.l. Erstatninga er avgrensa med til saman kr 500 000.

Innbu og lausøyre

- inntil kr 10 000 for kvar sykkel.
- mobiltelefon i inntil eit år frå kjøpt som ny, eigendel kr 2.000,-
- inntil kr 16 000 for laus tilhøyrsløse til privat motorkjørety.
- inntil kr 16 000 for kvar fritidsbåt og kvar påhengsmotor.
- inntil kr 16 000 for kvar tilhengar til person- eller varebil.
- til saman inntil kr 50 000 for yrkeslausøyre og varer.
- hobbyveksthus vert dekt utan sumavgrensing.
- Meirutgifter til opphald utanfor heimen vert dekt utan sumavgrensing.
- Rekonstruksjon av arkiver, datafiler m.m. Erstatninga er avgrensa til kr 20 000.
- Tjuveri frå privat bustad sitt uteareal, unnateke fellesareal. Erstatninga er avgrensa til kr 10 000.
- Napping av væske som sikra ber. Erstatninga er avgrensa til kr 30 000.

3.9.4 ERSTATNINGSUTREKNING

For skade ved ekstraordinær svikt i bygningskonstruksjonar reduserast eigendelen til kr 10 000.

4. Kva skadar som vert dekt

4.0 Fellesreglar:

- 4.1 Skade må skje plutselig og uforutsett
 - 4.2 Er eigedomen fråflytta gjeld forsikringa berre brann og naturskade
 - 4.3 Selskapet svarar ikkje for skade som vert erstatta av anna forsikring
 - 4.4 Skade som skuldast manglande vedlikehald vert ikkje dekt.
 - 4.5 **Kombinert forsikring – selskapet erstattar tingskade ved:**
 - 4.6 Brann, eksplosjon, lynnedslag, elektrisk fenomen, nedsoing og flystyrt.
 - 4.7 Naturskade, sjå pkt.7
 - 4.8 Brot på bygning si røyrløysing med tilknytt utstyr og utstrøyming ved brot, lekkasje eller overfløyming, I tillegg vert erstatta utstrøymingsskade frå akvarium og vannseng.
 - 4.9 Overvatn som har trengt inn i bygning frå terrenget ved ekstraordinære forhold som til dømes ekstra store nedbørsmengder eller snøsmelting, eigendel som ved naturskade.
 - 4.10 Tjuveri og hærverk i låst bygning og rom i låst bygning.
 - 4.11 Tjuveri frå tunområde og rom eller bygning som ikkje er låst:
 - Inntil kr 5.000,- og deretter 70% av det overskytande økonomiske tap frå tunområde, bebudd bustad, eller frå låst fryseboks utanfor forsikringsstaden. Pengar og verdepapir er unnateke. Som bebudd bustad vert ikkje rekna garasje, uthus, fellesrom og bod i fellesrom, hotell, pensjonat, campinghytte og vogn, internat o.l. og bygning på bygge og anleggsplass.
 - Barnevogn og låst sykkel inntil kr 10.000,-
 - Inntil kr 5.000,- ved napping av veske som den sikra ber med seg.
 - Inntil kr. 50.000,- ved tjuveri og hærverk på installasjonar og husdyr i mjølkebu og husdyrrrom.
 - Enkeltgjenstandar, samlingar(frimerke, myntar o.l.)eller delar av samlingar over kr 50.000,- vert avgrensa til kr 50.000,- for kvar enkelt gjenstand, samling, eller delsamling.
 - 4.12 Ran og overfall. Erstatninga er avgrensa til kr 16.000,-
 - 4.13 Elektrisk straum som rammar husdyr
 - 4.14 Tilhengar til motorvogn, småbåt og påhengsmotor, sjå pkt.3.5
- For heile punktet gjeld sikringskrav, sjå sikringskrav under pkt. 5**
- 4.15 **Selskapet erstattar ikkje:**
 - Skade som skuldast eigenskapen eller lyte ved den skadde gjenstanden, t.d. material- eller konstruksjonsfeil, korrosjon, slitasje og liknande, feil bruk og urett montering. Utett isolerglas vert ikkje dekt.
 - Vasskade som følgje av frost i bygning som ikkje er bebudd med mindre skaden skuldast tilfeldig svikt i varmforsyninga. Utvendig frostskaade på bygning, samt tining av utvendige røyr, vert ikkje erstatta. Skade ved kondens og ved vatn som trengjer inn gjennom opningar og lekkasjar i bygningen, samt skade ved lekkasjar i våtrom(dusj, bad, skylje og vaskerom.
 - Skade gjort av dyr, insekt, bakteriar, sopp og råte.
 - At husdyr dør som følgje av svikt eller skade på faste tekniske installasjonar i driftsbygning.
 - 4.16 **Bygningskaskoforsikring:** selskapet erstattar skade nemnt i 4.6 - 4.14 og i tillegg:
 - Alle tingskadar som skjer brått og uventa, og som har ytre årsak.
 - Unnateke er annan skade med naturårsak enn nemnt i pkt 7. Det vert likevel dekt:
 - Skade ved overflatevatn som har trengt inn i bygning frå terrenget ved ekstraordinære forhold som ekstra store nedbørsmengder eller snøsmelting.
 - Upårekneleg snøstyngdeskade, eigendel ved slike skader er kr 24.000,-
 - Innvendig frostskaade i bebudd bygning
 - Skade ved vind som er svakare enn storm.

- 4.17 Selskapet erstatter ikkje:**
- Skade som skuldast eigenskapar eller lyte ved den skadde gjenstand, som t.d. material- eller konstruksjonsfeil, korrosjon, slitasje, feil bruk og urett montasje. Utett isolerglas vert ikkje erstatta. Vedlikehald er unnateke.
 - Skade på utvendige rør som ikkje er lagde i samsvar med forskrift eller offentleg godkjenning – eller i minst 1,4 meters djupne.
 - Vannskade som følgje av frost i bygning som ikkje er busett med mindre skaden skuldast tilfeldig svikt i varmforsyninga. Utvendig frostskaade på bygning samt tining av utvendige rør vert ikkje dekt
 - Skade som skuldast kondens eller vatn som trengjer inn gjennom opningar og sprekker i bygningen, samt skade frå lekkasjar i våtrom (dus-, bad-, skylje og vaskerom).
 - Skade som skuldast dyr, insekt, bakteriar, sopp og råte.
 - Skade ved vanlege setningar, svinn og mangelfull fundamentering. Utgifter til gjenoppføring av fundament og forsterking av beresystema er i alle høve unnateke.
- 4.18 Avgrensingar:**
Ved skade på innbu og lausøyre som skjer utanfor forsikringsstaden, er erstatninga avgrensa til kr 25.000,- for kvart skadetilfelle. Denne avgrensinga gjeld ikkje for skadar nemnt i pkt 4.8 – 4.17
Det vert ikkje erstatta ting som er mista eller forlatne.
- 5.0 Sikringskrav**
- 5.1 Bustadhus**
Bustadhus skal ha minst ein godkjend røykvarslar plassert slik at han kan høyrast tydeleg på soverom når dørene er lukka, og husbrannslange eller 6Kg's ABE-pulverapparat som kan nyttast i alle rom.
- 5.1.1 Brannsikring**
Påbod og forskrifter gjevne av offentleg styresmakt skal til ei kvar tid haldast for:
- Røykvarslere og slokkeutstyr
 - Skorsteinar og eldstadar
 - Elektriske anlegg
- 5.2 Bygningar med husdyr**
I bygning med husdyr og innlagt trykkvatn skal det vere brannslange med nok lengde til å nå inn i alle rom, alternativt eit 6 Kg's ABE-pulverapparat, og påbodne rømningsveggar.
- 5.3 Gardsverkstad**
I gardsverkstad skal det være eit 6 kg's ABE Handslokkingsapparat
- 5.3 Lagring av stråfor ute**
Avstand frå utvendig lagringsplass for stråfor til bygning må vere minst 25 meter
- 5.4 Varmt arbeid**
Med varmt arbeid er meint arbeid der det vert nytta maskiner og utstyr som genererer gneistar og varme som kan føre til brann. Varmt arbeid omfattar bruk av open eld, varmluft, sveise-, skjere- og/eller slipeutstyr.
- 5.5 Sveising, skjering, vinkelsliping og lodding**
Omgivelsane må undersøkjast, brennbar materiale fjernast, arbeidsstad avskjermast med ubrennbare plater, våte sekkar eller liknande Etterkontroll må gjerast.
Ved reparasjon/tekking av tidligare tekka tak, er det forbode med bruk av open eld.
- Forholdsreglar
Forholdsreglene skal ivaretakast før, under og etter arbeidet som nemnt her:
Det skal vere nytta instruks for slikt arbeid. Arbeidsstad og dei næraste områda skal til ei kvar tid vere rydda for brennbar materiale. Alt brennbar materiale på og i nærleiken av arbeidsstaden skal vere verna. Brennbare bygningsdelar skal vere ettersett og verna. Opningar i golv, veggjar og tak skal vere tetta under arbeida.
- Godkjent sløkkingsutstyr, minst 2 stk. 6 kg. ABC-handssløkkjeapparat eller brannslange med diameter ¾
- tomme påsett vatn fram til strålerøret skal vere plassert lett tilgjengeleg på arbeidsstaden.
Brannvakt skal vere til stades og ha god kontroll medan arbeidet skjer, under pausar og minst ein time etter at arbeidet er avslutta.
- 5.6 Tak**
Det er forbod mot bruk av open flamme på tidligare tekka tak. Forbode mot open flamme gjeld likevel ikkje:
- ved legging av lag to ved tolags tekking på område som er meir enn 1 meter frå sluk, gesimsar, gjennomføringar, bordtakbeslag og liknande.
 - ved tekking på takkonstruksjonar som består berre av ubrennbare materialar på område som er meir enn 1 meter frå sluk, gesimsar, gjennomføringar, bordtakbeslag m.m.
- Ved tining av is før omtekkning på tidligare tekka tak, vert det tillete bruk av open flamme på område der avstanden til sluk, gesimsar, gjennomføringar, bordkantbeslag og liknande er meir enn 1 meter.
For fordamping av restvatn etter tining av is er det forbod mot bruk av open flamme.
- 5.7 Sertifikat**
Personar som nyttar maskiner og utstyr i samsvar til definisjon av varmt arbeid utanom faste, spesielt tilrettelagde og brannsikre arbeidsplassar, skal ha gyldig sertifikat frå Norsk Brannvernforening eller samarbeidande organisasjonar i øvrige nordiske land for den type arbeid som skal utførast.
- 5.8 Tobakksrøyking**
I produksjonslokale og lagerrom er det lov å røykje berre på dei stadane som er nemnde i bedrifta si eiga føresegn om slik tobakksrøyking. Slik føresegn skal være utforma med tanke på branntryggleiken og være godkjend av bedrifta sitt styre.
- 5.9 Orden og reinhald**
Avfall som kan tennast av seg sjølv eller kan gje gassar, skal til ei kvar tid leggjast i behaldarar av flammefast materiale med sjølvluukkande lokk, eller straks verte frakta til ein trygg stad.
- 5.10 Oppvarming**
Bygningar skal til ei kvar tid være nok oppvarma for å unngå frostskaadar.
Er verksemda slutt eller eigedommen fråflytta, skal i tillegg til andre sikringskrav, leidningar og anlegg for vatn og anna væske tappast ned. Ved fråver i lengre periode, skal hovudvasskrane vere stengd. For utleigedel i bustadhus eller utleigehus skal hovudstoppekran vere stengd ved fråver over 5 døgn.
- 5.11 Sikring mot frostskaade** på utandørs symjebasseng og anna badekilde. For å forebygge skade ved frostsprenging, skal symjebasseng eller anna badekjelde, samt rørleidningar tømast for vatn eller der skal vere påsett tilstrekkeleg varme etter normale temperaturforhold for årstida.
- 5.12 Tjuverisikring**
(gjeld ikkje for husdyrrom og mjølkerom)
Ytterdører skal vere låst, og vindaug og andre opningar i bygning eller rom i bygning skal vere lukka og forsvarleg sikra for å hindre uvedkomande i å kome inn i bygningen. Vindaug i luftestilling vert ikkje rekna som lukka.
Nøkkel eller tilgangskort skal vere oppbevart utilgjengeleg for uvedkomande. I andre bygningar enn bustadhus, skal i tillegg pengar, verdisaker, smykke, kamera, pels og liknande verdisaker oppbevarast under lås eller vere tilsvarande sikra.
- 5.13 Låsing av sykkel, tilhengar og båt m/motor**
Utanfor bygning skal sykkel, tilhengar og båt m/motor vere låst, og nøkkel skal vere oppbevart utilgjengeleg for uvedkomande.

5.14 Røyrleidningar

Utvendige leidningar for vatn eller anna væske skal vere lagde etter offentlege forskrifter.

5.15 Data/program

Det skal kvar veke takast sikringskopi av dataregister og program. Kopien skal oppbevarast i annan bygning eller i låst dataskap. Skapet skal tilfredstille krav til brannsikring A120 i fylgje NT FIRE 017. Nøklar og kodar skal lagrast utilgjengeleg for uvedkomande.

5.16 Ansvar

Anlegg eller utstyr skal skiftast ut før det når kondemnabel stand.

Der vedlikehald krev spesiell autorisasjon, nyttar ein seg berre av autorisert personale.

Leverandøren sine føreskrifter for vedlikehald og service skal følgjast.

5.17 Ran, tjuveri og overfall

Sikra skal bere på veska.

5.18 Snømåking

For å forebygge og avgrense skade ved snørras og snøtyngde skal snø fjernast frå tak, takrenner, vegger verandaer og terrasser.

Følgjane av brot på sikringskrava:

Forsikringa er overteken under føresetnad av at sikringskrav til ein kvar tid vert haldne. Har sikra forsømt seg slik at desse ikkje er blitt haldne eller latt være å sjå til at dei vart haldne, kan retten til erstatning falle heilt eller delvis bort, .Jf. FAL § 4-8.

6. Skadeoppgjjer

6.1.1 Skademelding – Den som vil krevje erstatning må utan ugrunna opphald underrette selskapet om skaden. Brann, tjuveri, veskenapping, ran, overfall og hærverk skal meldast til politiet.

6.1.2 Kontantoppgjjer

Ved kontantoppgjjer vil selskapet erstatte arbeidspengar med inntil 75 % av normalpris. Det vert ikkje betalt meirverdiavgift ved kontantoppgjjer.

6.1.3 Fullverdiforsikra bygning – fullverdigaranti

Bygning som vert reparert og/eller gjenoppført.

Forsikringsverdien skal setjast til kva det på skadedagen vil koste, inklusive avgifter, å gjenoppføre tilsvarande eller i det vesentlege tilsvarande bygning. Meirkostnader ved byggjemåte og utstyr som er urasjonelle etter dagens byggjemåte, skal ikkje takast med ved fastsetjing av bygningen sin verdi.

Det vert ikkje gjort frådrag for eventuell verdiauke ved at gammal bygning/bygningsdel erstattast med ny når bygningen reparerast eller gjenoppførast til same formål på same stad innan 5 år.

Førsterisikoforsikra bygning.

For førsterisikoforsikra bygning som reparerast eller gjenoppførast innan 5 år, er erstatninga avgrensa til avtalt forsikringssum.

Dersom ny bygning set sikra i ein vesentleg betre økonomisk situasjon enn før skaden, vert det gjort frådrag for gevinsten. Frådraget vert gjort for den delen av den økonomiske gevinsten som overstig 40 % av bygningens omsetningsverdi før skaden eller bygningens avkastningsverdi dersom det gjeld konsesjonspliktig landbrukseigedom.

Bygning som ikkje vert gjenoppført eller reparert på same stad

For bygning som uavhengig av årsak ikkje vert gjenoppført/utbetra av forsikringstakar, ektefelle eller livsarving til same føremål på forsikringsstaden innan 5 år, er forsikringsverdien avgrensa til omsetningsverdien på skadedagen eller bygningens avkastningspunkt. Eventuelle verdiar det gjeld konsesjonspliktig landbrukseigedom.

For bygning som står føre riving og bygningsdelar/bygningsmessig utstyr som står føre utskifting/rehabilitering, vert forsikringsverdien sett til salsverdien av materialane etter frådrag for utgifter til riving og demontering.

Ein fullverdiforsikra bygning er til ei kvar tid forsikra for forsikringsverdien, som tilsvarar bygningen sin gjenoppføringspris på skadedagen med frådrag etter regelen i pkt. 6.1.5

Grunnlaget for premieutrekninga vert fastsett ved vurdering på førehand og blir seinare regulert etter byggekostnadsindeks eller ved ny vurdering. Tilbygg eller andre endringar som innverkar på gjenoppføringsprisen, – vert omfatta av forsikringa og skal meldast til selskapet.

Er melding ikkje gitt, vert det erstatta ein så står del av skaden som svarar til forholdet mellom bygningen sin gjenoppføringspris på skadedagen slik den ville han vore utan endringa, og slik den er med den (underforsikring).

Omfattar forsikringa bygningar utan spesifikasjon i forsikringsbeviset, gjeld tilsvarande regel for ein ny bygning som det ikkje er meldt frå om.

Avbrotstap ved nedgang i husleigeinntekt ver erstatta i same forhold som bygningsskaden.

6.1.4 Forsikringsverdi – Lausøyre

Gjenskaffingspris skal setjast til kva det på skadedagen, vil koste inklusive avgifter, å gjenskaffe tilsvarande, eller i det vesentlege tilsvarande nye ting til same formål.

Det vert gjort frådrag når ting/delar av ting er verdiforringa på grunn av elde og bruk, er defekt og/eller har nedsett bruksverdi.

Ved utrekning av verdiforring tek ein omsyn til tingen si sannsynlege brukstid. Forsikringsverdien er gjenskaffingspris, med frådrag for den del av verdiauken som overstig 30% ved at brukte ting vert erstatta med nye. For driftslausøyre som uavhengig av årsak ikkje vil bli gjenskaffa innan 5 år etter skade, er forsikringsverdien avgrensa til omsetningsverdien på skadedagen.

6.1.5 Forsikringssum

For ting forsikra på førsterisiko/indeksregulert førsterisiko skal forsikringssummen fastsetjast av forsikringstakar. Skade vert erstatta inntil fastsett forsikringssum, men ikkje høgare enn forsikringsverdien.

Enkeltgjenstandar, samlingar(frimerke, myntar o.l.)eller delar av samlingar over kr 50.000,- skal meldast til selskapet. Er slik melding ikkje gitt, vert erstatninga avgrensa til kr 50.000,- for kvar enkelt gjenstand, samling, eller delsamling.

Fullverdiforsikra bygning er til ei kvar tid forsikra for sin forsikringsverdi. Premiegrunnlaget vert fastsett ved taksering av bygget på førehand, og vert seinare regulert etter byggekostnadsindeks eller ved ny takst. Tilbygg eller anna endring som vil ha verknad på forsikringsverdien, vert omfatta av forsikringa og skal meldast til selskapet. Vert slik melding ikkje gitt innan 1 år etter byggstart, vert skaden erstatta inntil den forsikringsverdien bygningen hadde før ombygging eller utviding .

Fastsetjing av skadeomfang:

Bygningar og lausøyre

Skaden skal setjast til kva det på skadedagen, vil koste inklusive avgifter, å utbetre tingen til i det vesentlege same stand som før skaden, men ikkje høgare enn forsikringsverdien. Kan tingen ikkje reparerast, skal skaden setjast til forsikringsverdien med frådrag av gjenverdi.

Vert skaden på ein fullverdiforsikra bygning sett til meir enn 75 % av forsikringsverdien, kan sikra krevje oppgjjer som om det er ein totalskade.

Vert skaden på ein bygning forsikra på indeksregulert førsterisiko sett til meir enn 75 % av forsikringsverdien for bygningen, dekkjer selskapet utgiftene til riving og fjerning av brukelege restar i staden for reparasjon.

Det er ein føresetnad at brukbare restar vert fjerna innan 2 år etter skadetidspunktet. Eventuelle verdiar av rivne materialar og bygningsdelar skal tilfalle selskapet.

6.1.6 Husleigetap, avbrot og prisstigning

Husleigetap, avbrot og prisstigning vert rekna frå skadedag til reparasjon/gjenskaffing/oppbygging har skjedd eller normalt vil kunne skje. Husleigetap vert utrekna på grunnlag av leigeinntekta for dei aktuelle roma eller bygningar.

Leigeinntekta gjeld for umøblerte rom. Avbrotstap vert rekna i samsvar med marknadspris for tilsvarande umøblert bustad.

6.1.7 Avbrot/reduksjon i drifta

Avbrotstap skal setjast til skilnaden mellom det driftsresultat som ville ha vorte nådd i ansvarstida utan skade, og driftsresultatet i ansvarstida etter skaden. Sikra pliktar å medvirke til at driftsresultatet i ansvarstida vert så godt som mogleg, for eksempel ved utbetring og gjenskaffing, midlertidig omlegging eller stopp i drifta. Gir selskapet spesielle anvisingar, må desse følgjast. Driftsresultatet i ansvarstida utan skade vert rekna på grunnlag av driftsresultat i tilsvarande tidsrom eitt år tidligare – samanlikningstida.

Driftsresultat i samanlikningstida skal justerast dersom konjunkturar, salsløve, prisar og produksjonsmetodar eller andre driftsforhold påviseleg er annleis i ansvarstida enn i samanlikningstida. Dersom drifta i samanlikningstida har vore heilt eller delvis avbroten.

Dersom drifta i ansvarstida heilt eller delvis ville ha vore avbroten av anna årsak enn skaden.

Driftsresultat i ansvarstida etter skade skal belastast med dei utgiftspostar og kostnader som er midlertidige eller forretningsmessig vel grunngjevne for garden si reduserte drift, og som ikkje kan innsparas. Ekstraordinære utgifter med føremål å avgrense tapet, t.d. utgifter til provisoriske tiltak, skal takast med i avrekninga.

Er det ikkje innhenta samtykke frå selskapet på førehand, skal slike utgifter berre takast med der dei påviseleg har minnska tapet. Medfører slike utgifter nytte utover ansvarstida, skal dei berre takast med for det beløpet som høvesvis fell på ansvarstida.

6.1.8 Frådrag i det samla tap

I utrekninga av det samla tap skal det gjerast frådrag for sparte utgifter, opptente renter av erstatninga og eventuell frigjort arbeidskraft.

6.1.9 Fastsetting av skade og forsikringsverdi

ved tingskade og spørsmål i samband med berekning av avbrotstap skal avgjerast ved skjønn dersom sikra eller selskapet krev det. I så tilfelle skal reglane om skjønn i Generelle vilkår leggjast til grunn.

6.2 Erstatningsutrekning.

Fellesreglar

- Fullverdi.
 - Skaden vert erstatta inntil tingens forsikringsverdi
 - Førsterisiko/indeksregulert førsterisiko
Skaden vert erstatta inntil fastsett forsikringssum, men ikkje høgare enn forsikringsverdien.
 - Postar i vilkåret med fastsett sum er overtatt på førsterisikovilkår
 - Ved gjenskaffing, reparasjon eller gjenoppføring vert meirverdiavgift/investeringsavgift berre erstatta i den utstrekning slik avgift er tilkomen, og sikra ut i frå verksemda på skadetidspunktet er forplikta til å betale denne i samsvar med lov om meirverdiavgift/investeringsavgift.
- For bygning som uavhengig av årsak ikkje vert gjenoppført/utbetra av forsikringstakar, ektefelle eller livsarving til same føremål på forsikringsstaden innan 5 år, er forsikringsverdien avgrensa til omsetnadsverdien på skadedagen.
- Det vert lagt til grunn den omsetnadsverdien den skadde bygning utgjorde i eigedomens landbrukstakst før skaden. For bygningsdelar og bygningsmessig utstyr vert forsikringsverdien fastsett til salsverdien av materialane etter frådrag for utgiftene ved riving og demontering. For bygning som står føre riving og bygningsdelar/bygningsmessig utstyr som står føre

utskifting/rehabilitering, vert forsikringsverdien sett til salsverdien av materialane etter frådrag for utgifter til riving og demontering.

For fullverdiforsikra våningshus som vert gjenoppført/utbetra av forsikringstakar, ektefelle eller livsarving til same føremål på forsikringsstaden innan 5 år, skal det ikkje gjerast frådrag for verdiforring ved elde og bruk. Likevel skal det gjerast frådrag for bygningsdelar/bygningsmessig utstyr som står føre utskifting/rehabilitering, eller som ikkje er i bruk.

6.3 Innbu og lausøyre, driftslausøyre. (førsterisikovilkår)

Premiegrunnlaget vert fastsett etter vurdering på førehand, og vert seinare regulert etter indeks. For driftslausøyre som uavhengig av årsak ikkje vil bli gjenskaffa etter skade innan 5 år, er forsikringsverdien avgrensa til omsetnadsverdien på skadedagen.

6.4 Elektriske fenomenskadar

Mekanisk eller elektrisk innretning, maskin eller apparat inkl. alle kvite- og brunevarer som vert skada av elektrisk fenomen, får frådrag frå nyprisen med 10 % for kvart påbegynte år frå det året gjenstanden er 7 år, maksimalt 80 % frådrag, minst avtalt eigendel. Det same gjeld for ein kvar skade på varmtvassstank, beredar og fyrkjele. Ved skade på elektrisk motor, er det alderen på denne som er avgjerande for aldersfrådraget.

6.5 Eigendel

Dersom ikkje anna er avtalt, vert det trekt ein eigendel for kvar skade med kr 5.000,-
Ved naturskade vert den lovpålagde eigendelen trekt. Ved tjuveri av tilhengar til motorvogn, småbåt og sykkel vert eigendel sett ned til kr 1000,- dersom gjenstanden er registrert i godkjend register på skadedagen.

6.6 Ting som kjem til rette.

Kjem ting til rette etter at erstatninga er betalt, kan sikra behalde tingen mot å betale erstatninga tilbake. Dersom dette ikkje vert gjort, er tingen selskapet sin eigedom.

6.7 Utbetaling av bygningerstatning.

Erstatning for bygning vert utbetalt i takt med gjenoppføring/reparasjon, der verdiar vert tilbakeført bygningen.

Utan gjenoppføring/reparasjon må eventuell panthavar samtykke før utbetaling kan skje, og erstatninga forfell til betaling straks det er avgjort at bygningen ikkje skal gjenoppførast eller reparerast.

Utan gjenoppføring/reparasjon er erstatninga avgrensa til omsetnadsverdien den skadde bygningen utgjorde i eigedomens landbrukstakst før skaden.

Erstatning for avbrot, husleigetap og prisstigning vert utbetalt når reparasjon/gjenoppføring er fullført. Anna erstatning vert utbetalt når utgifta er påkommen.

6.8 Selskapets renteplikt.

Sikra har krav på renter av det han har til gode når det er gått to månader etter at melding om skaden er send eller gjeven til selskapet. Skal selskapet erstatte sikra sine utlegg, trer renteplikt inn tidlegast to månader etter at utlegget er gjort. For avbrotstap, tidstap eller dagpengar, vert det svart rente frå 1 måned etter utløpet av ansvarstida.

Forsømmer den sikra å gi opplysningar eller utlevere dokument som nemnt i Forsikringsavtalelova § 18-4, kan han ikkje krevje renter for den tid som da går med. For renta gjeld lov om renter ved forseinka betaling m.v. etter § 3 i same lov.

6.9 Når selskapet tek over panterett.

Kan panthavar i samsvar med Forsikringsavtalelovas § 7-1, andre ledd, krevje dekkja sitt tap, sjølv om forsikringa var ute av kraft i forhold til bygningen sin eigar, trer selskapet inn i panteretten i same utstrekning som erstatning vert betalt.

Reglane i Forsikringsavtalelovas § 7-1,3.ledd gjeld ikkje.

7. Naturskade

Forsikringa omfattar naturskade i Noreg. Med naturskade er meint skade som skuldast naturulukke ved skred, storm, stormflod, flom, jordskjelv og vulkanutbrot jf. Lov om naturskadeforsikring av 16. juni 1989 nr. 70. Sjå egne naturskadevilkår som gjeld for denne dekninga

8. Meirutgifter ved skadeutbetring pga påbod

8.1. Meirutgifter ved utbetring eller gjenoppføring vert sett til skilnaden mellom gjenoppføringsprisen for ein bygning tilsvarende den forsikra med same storleik og etasjetal, men utført i samsvar med påboda, og gjenoppføringsprisen for den forsikra bygningen. Meirutgifter ved byggjemåte og utstyr som er urasjonelle etter dagens byggeskikk, skal ikkje takast med.

8.2 Meirutgifter ved grunnundersøkingar og

fundamentering vert rekna som for ein bygning tilsvarende den forsikra, utført i samsvar med påboda. Ved fastsetjing av meirutgiftene skal ikkje takast med:

- meirutgifter til utgraving eller utsprenning av kjellar.
- meirutgifter som skuldast at bygning vert gjenoppført større enn den skadde.
- tap av nytteareal, som fylgje av påbod, i forhold til den skada bygning.

Utbetring/gjenoppføring må vere avslutta innan 5 år etter skadedagen, og erstatninga forfell først til betaling når skaden er utbetra. Maksimal erstatning på grunn av påbod er kr 1.000.000,-

9 Ansvarsforsikring, kva ansvar selskapet svarar for, og kva avgrensingar som gjeld:

9.1 Selskapet svarar for rettsleg erstatningsansvar som sikra i eigenskap av privatperson, eigar eller brukar av den forsikra egedomen, eller som byggherre, kan pådra seg for skade som er konstatert i forsikringstida, på ein annan person eller ting. Selskapet svarar også for erstatningsansvar som arbeidstakar tilsett hos, eller avløyser i oppdrag hos sikra kan pådra seg for skade på ein annan person eller ting. Ansvar for skade på oppdragsgivarens eller arbeidsgivarens person eller ting er unnateke. Forsikringa dekkjer berre ansvar for skade gjort av avløyser på person eller ting medan denne er i teneste hjå sikra og berre dersom avløyseren eller arbeidsgivaren hans ikkje har eigen ansvarsforsikring. Alle skadar som skuldast same hending vert rekna som eit skadetilfelle, og skal setjast til det tidspunkt då første skade vart konstatert.

9.2 Selskapet si samla erstatningsplikt inkludert redningskostnader ved eit kvart skadetilfelle er kr 3.000.000,- for privatdelen, og kr 10.000.000,- for driftsdelen, maksimalt kr 10.000.000,- pr. år. Sikra ber kr. 5.000,- som sin eigendel. Ved skade på ting som skuldast varme arbeid, sprenging - graving -, riving -, og pelingsarbeid vert det rekna i tillegg til avtalt eigendel, ein særskilt eigendel på 10% av selskapets erstatningsplikt, minimum 0,5 G og maksimum 5 G. G= grunnbeløpet i folketrygda. Med varmt arbeid forstås ein slik: Installasjon -, montering - reparasjon -, og vedlikehaldsarbeid der det vert nytta open eld, oppvarming, sveise-, lodde-, skjere- og slipeutstyr.

9.3 Avgrensingar i selskapet sitt ansvar.

Selskapet svarar ikkje for ansvar som sikra dreg på seg:

- 9.3.1 for erstatning etter lov om skadeserstatning av 13. juni 1969, § 3-5 eller for båter og liknande.
- 9.3.2 overfor ektefelle, foreldre, sysken, born og borns ektefelle. Som ektefelle reknast også person i fast samlivsforhold.
- 9.3.3 overfor medeigar for skade på ting som er eigd i fellesskap.
- 9.3.4 overfor mor/dotterselskap eller overfor verksemd
- som er eigd av slikt selskap
 - som er disponert av sikra
 - der sikra eller sikra sin familie har den vesentlege eigarinteresse
- 9.3.5 som eigar, førar eller brukar av motorvogn, arbeidsmaskin med eige framdriftsmaskineri, luftfartøy, seglbåt, motorbåt, trav- eller galopphest.

9.3.6 for skade på ting som sikra eller nokon på hans vegne brukar, har leigd, lånt eller mottatt til transport eller forvaring, har påtatt seg å passe, flytte eller fått i oppdrag å reparere, montere, installere, forarbeid eller liknande. Sikra sitt ansvar for skade på leigd bustad vert likevel omfatta av forsikringa dersom skaden er oppstått som følgje av brann, eksplosjon, eller utstrøyming frå bygningen sitt røyreleidningsnett.

Selskapet svarar ikkje for skadar frå sopp og råte.

9.3.7 for skade på ting oppstått ved sprengings-, gravings-, rivnings-, og pelingsarbeid som ikkje står i samband med eiga gardsdrift eller skogsdrift, samt ras, jordforskyving og dambrot.

9.3.8 i anna verksemd enn gards- og skogsdrift. Som anna verksemd ser ein på i denne samband t.d. sagbruk, møllebruk, sand og grustak, kennel og liknande.

9.3.9 for ureining av luft, vatn, eller grunn, eller skade som følgje av dette, med mindre årsaka er brå og uventa. Som ureining vert også rekna støy og larm. Unntaket gjeld ikkje personskade som rammar sikra sine egne tilsette og avløyserar. Selskapet svarar ikkje under noko omstende for sikra sitt erstatningsansvar for tingskade

9.4 ved forureining

når årsaka til skaden skuldast manglande vedlikehald, elde eller slitasje på sikra sitt anlegg eller utstyr.

9.4.1 for skade gjort med vilje, også om sikra er under 14 år eller sinnslidande, jf. FAL § 4-9

9.4.2 for skade gjort under sjølvforskyldt rus frå alkohol eller anna rusande eller døyvande middel.

9.4.3 i samband med kontrakt

- Med ansvar i samband med kontrakt forstås ein slik:
- ansvar som går ut over det som er vanleg etter alminnelege erstatningsreglar, men som sikra ved kontrakt, avtale eller garanti likevel har påtatt seg å svare for.
 - ansvar sikra endeleg må bere fordi han har gitt avkall på sin rett til regress.
 - ansvar sikra etter skjedd skade har gitt tilsegn om å dekke til tross for at dette går ut over det han kunne ha blitt pålagt etter dei alminnelege rettsreglar.
 - ansvar for skade som skuldast at sikra si yting i samband med kontrakt eller avtale er forseinka eller uteblitt.
 - ansvar for skade som i kontraktforhold skjer på sikra sitt eige arbeid, yting eller entreprise eller på ting som sikra har selt, men ikkje endeleg har levert.
 - kostnader eller midlertidig skade ved tilkomstarbeid for å utføre oppdraget.
 - kostnader for å utføre arbeidsoppdraget i samband med avtale.

9.5 Produktansvar

Når sikra vert ansvarleg for skade på person eller ting der årsaka er manglar eller skadegjerande eigenskapar ved leverte produkt, gjeld følgjande særtilkår:

- pkt 2.3 vert tillempa slik at selskapet likevel svarar for skade som skjer utanfor Norden, men ikkje USA og Canada, eller det området som er sett i særtilkår eller i forsikringsbeviset, dersom skaden skuldast produkt sikra har selt for levering til forbrukar innanfor området, eller som er vidareført utanfor området utan at sikra visste eller burde vite dette. Selskapet svarer likevel ikkje for skade som skuldast produksjon av dyr- eller fiskefor
- Den avtalte forsikringssum er selskapet sitt maksimale ansvar for alle skadetilfelle som etter pkt 9 blir sett på som konstatert i eitt og same forsikringsår. Selskapet sitt ansvar for redningskostnader(jf. FAL § 6-4) er avgrensa til kr 100.000,- ved kvart skadetilfelle. Ved skade som skjer utanfor Norden, er selskapet sitt ansvar inklusive renter, redningskostnader og sakskostnader avgrensa til forsikringssummen. Av avgrensingsreglane i 9 gjeld berre 9.3.1, 9.3.2, 9.3.3, 9.3.4, 9.3.8, og 9.4.2
- Selskapet svarar ikkje for ansvar som sikra pådreg seg: for skade på sjølve produktet eller kostnader ved reklamasjon og tilbaketaking. Som omkostnader ved reklamasjon og tilbaketaking forstås ein det slik: kostnader ved reparasjon, omlevering, bortkøyring, deponering og destruksjon av produktet.

- kostnader eller midlertidig skade ved tilkomstarbeid for å reparere eller skifte ut det leverte produkt.
- kostnader ved å trekke produktet tilbake frå marknaden, så som utgifter til oppsporing av produktet eller meldingar til kundar eller ålmenta.
- for skade som skuldast at sikra eller nokon på hans vegne har vist grov aktløyse ved marknadsføring av produktet.
- for skade som skuldast at eit kjemisk eller farmasøytisk produkt ikkje har virka etter føremålet eller har hatt den tilsikta effekt, med mindre årsaka er ein rein produksjonsfeil.
- for skade som vert gjort av eit produkt som ikkje er førelagt påboden kontrollinstans når skaden skuldast den del av eller eigenskap ved produktet som skulle blitt underlagt kontroll.

10. Yrkesskadeforsikring

Dersom den sikra i eigenskap av privatperson er å sjå på som arbeidsgivar etter Lov om yrkesskadeforsikring av 16. juni 1989 nr. 65 §2a, hefter Selskapet i samsvar med vilkåra i lova overfor skadelidne som etter lova sin § 2b er å sjå på som arbeidstakar.

For yrkesskadeforsikringa gjeld ikkje sumavgrensing eller eigendel.

Dekninga gjeld ikkje i høve utført lønna arbeid

10.1 Behandling av erstatningskrav.

Vert det reist erstatningskrav mot sikra, eller det kan ventast at krav blir reist, må selskapet underrettast utan ugrunna opphald. Utan samtykkje frå selskapets må sikra ikkje innrømme noko erstatningsplikt eller forhandle om erstatningskrav. Vert krav reist mot sikra, og ansvaret etter kravstillar si grunngeving vert omfatta av forsikringa, behandlar selskapet saka og betaler dei midlertidige kostnader for ei avgjerse av skuldspørsmålet. Sjølv om forsikringssummen vert overskriden, betaler ein så vel dei kostnader som på førehand er godkjent av selskapet, som renter av idømt erstatningsbeløp som høyrer inn under forsikringa, jfr.pkt. 7.46.

Dersom erstatningskravet dels er omfatta av forsikringa, og dels fell utanfor, vert kostnadene delte etter partane sine økonomiske interesser i saka.

Er selskapet villig til å ordne ei sak med det gode, eller vil det betale ansvarssummen, svarar selskapet ikkje for vidare utgifter ved tvisten. Selskapet har rett til å betale ei kvar erstatning direkte til skadelidne.

11 Rettshjelp

Selskapet dekkjer utgifter til advokat, retten, sakkyndige og vitne når det er teikna kombinert eller kaskoforsikring og sikra er part i tvist i eigenskap av:

- personleg eigar av bustaddelen av den forsikra eigedomen når forsikringa omfattar bustadhus. (Sjå pkt. 3.7)
 - privatperson når forsikringa omfattar innbu og lausøyre i heimen. (Sjå pkt. 3.5)
 - personleg eigar av landbruksdelen av den forsikra eigedomen når forsikringa omfattar driftsbygning og uthus. (Sjå pkt. 3.8.)
 - brukar av landbruksdelen av den forsikra eigedomen når forsikringa omfattar driftslausøyre. (Sjå pkt. 3.6.)
- Dersom politen omfattar fleire eigedomar med eige gards og bruksnummer vil dekninga vere knytt til den eigedomen som tvisten gjeld og det er ein føresetnad at det på eigedomen er teikna forsikring som omfattar rettshjelpsdekning.
- Det går fram av forsikringsbeviset og dei refererte punkta i vilkåra i kva eigenskap sikra er dekkja av forsikringa. Utgifter til sakkyndige som ikkje er oppnemnde av retten vert dekte berre når utgiftene på førehand er godkjende av selskapet.
- Utgifter til vitne vert dekt berre ved hovudforhandling og bevisopptak.
- Idømde saks kostnader vert ikkje dekt, heller ikkje rettsgebyr i ankeinstans. Reglane om anke gjeld også ved bruk av andre rettsmidlar.
- Tilkjente saks kostnader går til frådrag. Likevel vert slike

saks kostnader dekt når sikra kan godtgjere at motparten ikkje er søkegod.

Tvisten må høyre inn under dei alminnelege domsstolene eller husleigeretten og ha oppstått medan forsikringa var i kraft.

Dersom den forsikra faste eigedom er seld, og forsikringa tek slutt i samband med salet, dekker ein likevel tvist der sikra er part i eigenskap av seljar.

Rettshjelpsutgiftene vert ikkje dekte dersom sikra når forsikringa vart sett i kraft var kjend med det som seinare vart tvistegrunnlaget, og forstod eller måtte forstå at tvist kunne oppstå.

11.1 Forsikringssum og eigendel.

Den samla erstatning ved kvar tvist er avgrensa til kr 100.000,- sjølv om det er fleire partar på same side. Dette gjeld og om partane har rettshjelpsforssikring i ulike selskap. Uforsikra partar skal haldast utanfor ved erstatningsutrekninga. Erstatninga er under alle omstende avgrensa til den økonomiske verdi av sikra si interesse i saka, dersom utgiftene ikkje er godkjende av selskapet på førehand.

Eigendelen er kr 4.000,- med tillegg av 20% av det overskytande.

Det vert trekt berre ein eigendel for kvar tvist, sjølv om det er fleire partar på same side.

11.2 Utgifter selskapet ikkje dekkjer

Selskapet dekkjer ikkje utgifter ved:

- Tvist som har samanheng med sikra sitt yrke eller erverv utanom drifta av den forsikra eigedomen.
- Tvist som gjeld annan fast eigedom enn den forsikra. Likevel dekkjer ein tvist som gjeld annan fast eigedom som det ikkje kan teiknast særskilt landbruksforsikring for, og som inngår i drifta av den forsikra eigedomen. Det er ein føresetnad at det er teikna kombinert forsikring eller kaskoforsikring. Sjå innleiing pkt 11.
- Tvist som gjeld separasjon, skilsmisse, fordeling av barn, samværsrett, farskap, arv, underhaltsbidrag, bodeling og oppløysing av sameige etablert av sambuande samt skiftesaker.
- Tvist som aleine høyrer inn under namsretten, bortsett frå tvist i husleigeforhold som knytter seg til den forsikra eigedomen.
- tvist mellom bortfestar og festar av bygsla eigedom og tvisten gjeld den bygsla eigedomen.
- Tvist som gjeld vekselsak, inkassosak der kravet er ubestridt, og sak som gjeld konkurs eller akkordforhandling der sikra er konkurs eller akkordskyldnar.
- Tvist som gjeld motorvogn, arbeidsmaskin med eige framdriftsmaskeneri-, herunder gravemaskin, luftfartøy, seglbåt, motorbåt, trav eller gallopphest, eller der sikra er part som eigar, brukar eller førar av slik.
- Straffesak, ærekrenkingssak og erstatningskrav i slike saker.
- Ekspropriasjonssak eller skjønnsak der sikra søker å skaffe seg råderett over annan eigedom. I ekspropriasjonssaker og skjønnsaker utover dette, vert det dekt berre midlertidige rettshjelpsutgifter etter skjønnslova § 54.
- Tvist som gjeld offentleg forvaltningsvedtak. Likevel vert det dekt utgifter ved søksmål når den administrative klageutvegen er fullt utnytta. I tilknytning til søksmål er alle utgifter som er komne til under forvaltningsbehandling unnateke frå dekning.

11.3 Andre reglar om rettshjelp.

Vil sikra søkje rettshjelp i tvist som vert omfatta av forsikringa, må selskapet få beskjed snarast mogleg. Dersom rettshjelp er midlertidig utanfor Noreg, er det selskapet som avgjer kva for ein advokat som skal engasjerast. Elles er det sikra sjølv som vel advokat som etter saka sin karakter og sikra sin bustad passar best for oppdraget.

Sikra pliktar å avgrense utgiftene til rettshjelp mest mogleg, og skal søkje fri rettshjelp, fritt rettsråd og andre offentlege rettshjelpsordningar, dersom det ikkje er klart at slik støtte ikkje vil bli innvilga.

Sikra ber sjølv omkostnader som kjem til utan rimeleg grunn eller som er urimeleg store i forhold til sikra si

interesse i saka. Der det er fleire partar på same side, skal det ved vurderinga takast omsyn til om partane kan nytte same juridiske bistand for å ivareta likearta interesse, og der partane ikkje er i strid med kvarandre. Selskapet kan krevje å få informasjon om omfanget av dei utgiftene som kan bli kravd over forsikringa. Spørsmål om utgiftene er rimelege kan framleggjast for den Norske Advokatforening.

12. Gardssag til eige bruk

Forsikringa omfattar gardssag til eige bruk. Saga skal brukast vesentleg til vedlikehald og nybygg på eige gardsbruk, utan regelmessig produksjon for sal. Ikkje over 2 sag - maskiner(kappsag reknast ikkje med). Inga høvelmaskin. Drivkraft som nemnt i forsikringsbeviset. Gjennomsnittleg årlig produksjon og opplag av skurdlast ved saga skal ikkje være over 10 standard.

TILLEGGSFORSIKRINGAR

Vil gjelde dersom slik forsikring er avtala, og er nemnt i forsikringsbeviset.

13. Maskinskadeforsikring, når dette er nemnt i forsikringsbeviset. (Tilleggsforsikring)

når det går fram av forsikringsbeviset at slik tilleggsforsikring er avtalt
Forsikringa omfattar:

- faste tekniske installasjonar i driftsbygning transportable, ikkje sjølvgåande jordbruksmaskiner som vert nytta i gardsdrifta.
- driftslausøyre som er tilkople traktor når skaden skjer. Selskapet svarar for skade ut over pkt. 4 som brått og uventa råkar maskiner som er fullt driftsklar og prøvde, så vel når dei er i drift som under flytting, reparasjon eller ettersyn, med demontering og etterfylgjande montering. Med unnatak for driftslausøyre tilkople traktor gjeld alt dette innanfor forsikringsstaden. Skade vert erstatta inntil kr 250.000,-
Selskapet svarar ikkje for:
- skade på databerarer eller data på disse når skaden skuldast feil programmering.
- utgifter til utskifting eller reparasjon av maskin eller maskindel på grunn av ordinær slitasje eller annan gradvis forringing. Dette gjeld også når skaden skuldast unormale driftstemperaturar, utilstrekkeleg eller feil konstruert klimaanlegg, feilplassering eller uhøveleg lagring av maskinar og programutstyr, innvirkning av gassar, støv eller rystelsar.
- Skade som skuldast uforvarleg belastning, også under prøving, eller eksperimentering.
- Skade på betongfundament og murverk.
- Skade på bor, fresar, stanser, sagblad, former, matriser, mønstervalsar, elektrodar, elektriske varmeelement, filterduk, slipeskiver, slipesteinar og liknande utskiftlege delar og verktøy, eller for skade på kjeder, kjettingar, vaier, tau, reimar og transportband.
- Meiomkostnader som følgje av reparasjon på overtid, helgedagsarbeid og ilfrakt
- Skade som leverandør, reparatør eller andre kan gjerast ansvarleg for i samsvar med vedlikehaldskontrakt, garanti eller annan avtale. Forlangar selskapet det, må forsikringstakar prøve rettsleg om det føreligg slik erstatningsplikt.
- Skade ved brot eller brekkasje på grunn av frost, korrosjon, slitasje eller annan gradvis forringing. Utgifter til midlertidig vedlikehald og fornying er i alle tilfelle unnateke.

Fastsetting av skaden.

Skjer det ein skade seinare enn 2 dagar etter at ein tidligare skade er utbeta og anlegget er prøvekøyrd, vert dette å betrakte som ein ny skade.

I skadebeløpet skal det ikkje takast med:

- Verdiforringing etter fullført reparasjon
- Meirkostnader ved at det vert gjort endringar eller forbetring i samband med reparasjonen.
- Kostnader ved midlertidig reparasjon.

- Ved skadefastsetjing reduserast skadebeløpet – før frådrag av eigendel – med 10% for kvart år maskina sin alder er over 2 år. Eigendel er kr 4.000,-
- Ved skade på maskinar som oppstår under flytting, reparasjon eller ettersyn, vert det trekt ein eigendel på kr 5.000,-
Elles vert pkt. 5 og 6 i dette vilkåret gjort gjeldande.

14. Brot på vatningsanlegg, når dette er nemnt i forsikringsbeviset (Tilleggsforsikring)

Forsikringa omfattar skade på dyrka mark og avling ved utgraving som skuldast vatn som fylgje av brå og uventa utstrøyming frå garden sitt eige vatningsanlegg eller frå fellesvatningsanlegg som forsikringstakaren er deleigar av, men berre i den utstrekning det ikkje er grunnlag for å gjere ansvar gjeldande overfor fellesanlegget. Erstatninga vert sett til kostnadene ved å sette dyrka mark i same, eller tilnærma same stand som før skaden, samt verdien av eventuelt tapt avling. Eigendel ved ein kvar skade er 10% av skaden, minst kr 5.000,- og mest kr. 10.000,-